

Organisasjonsnummer: 821311632  
Foretaksnavn VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
Kontonummer: 8111 07 81083 verifisert

Adresse: Sandslihaugen 30, 5254 SANDSLI  
E-postadresse: post@vlfk.no

## Kontaktperson

Navn: Jorunn-Elisabeth Stavø  
Telefonnummer: 91158773  
E-postadresse: jorunn-elisabeth.stavo@vlfk.no

## Utfyller

Navn: Jorunn-Elisabeth Stavø

Mottaker: Miljødirektoratet

---

SØKNAD

REFERANSENR.: 21S1B631

---

## Lågutslepp fylkesvegbygging og -drifting

Hva slags type tiltak søker dere om? Forprosjekter for klimagassreducerende tiltak

### Om tiltaket

#### Hva skal prosjekteres?

Vestland fylkeskommune skal vera ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Som del av dette skal me i åra framover jobba for kraftige kutt i klimagassutsleppa frå eiga verksemd. Utbygging og drift og vedlikehald av fylkesveg står for vesentlege utslepp, og potensialet for reduksjon av utsleppa er stort. Me ønskjer i 2021 å greia ut lågutslepp fylkesvegbygging og klimavenleg drift og vedlikehald, og søker om støtte til dette.

Vestland fylkeskommune har årleg kring 450 vegprosjekt under planlegging og bygging, og har drift og vedlikehaldsansvar for 5.700 km fylkesveg, 255 km gang- og sykkelveg, 274 tunnellopp, 74 ferjekaier og 2670 bruer. Gjennom dette har me stor moglegheit til å påverka marknaden til å tilby og nyttegjera klimavenlege løysingar.

Utgreiinga skal vurdere potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt. Kontakt med leverandørar og entreprenørar vil vera viktig, samt erfaringsinnhenting frå andre byggherrar. Me ønskjer å identifisera faktorar som fremjar eller hemmar innarbeiding av nye klimakrav i anskaffingar og kontraktar. Me søker også i eiga søknad om støtte til ei prosjektstilling som skal jobba med å implementera og sikra etterleving av klima- og miljøkrav i anskaffingar for heile veglivsløpet. Denne utgreiinga vil verta eit viktig kunnskapsgrunnlag for prosjektstillinga, og vil også auka kunnskapen og styrka forankringa til klima- og miljøarbeidet i resten av avdelinga.

## Hva er forventet klimagassreducerende effekt av tiltaket?

Kostrarattall viser at bygg og infrastruktur av fylkesvegane hadde utslepp på 71 257 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. i 2019, som utgjorde 16 % av dei totale CO<sub>2</sub>-utsleppa til Vestland fylkeskommune. Me har hatt ei omfattande elektrifisering av kollektivtrafikken på veg og sjø, og utsleppsdelene knytt til fylkesvegane er venta å auka, samanlikna med dei samla utsleppa til fylkeskommunen.

Ein reknar med at både utbygging og drift og vedlikehald av veganlegg har eit stort potensiale for reduksjon i utsleppa av klimagassar. Frå anleggsplassar trekk Klimakur 2030 fram:

- Null- og lågutsleppsmaskiner og køyretøy på anleggsplassar
- Innblanding av biodrivstoff
- Betre logistikk og massehandtering

I drift og vedlikehald vil ulike operasjonar ha ulikt potensiale for overgang til meir klimavenleg materiell på kortare og lengre sikt. Utgreiinga vil sjå på moglegheitene og utfordringane som ligger her, og gi grunnlag for gode klima- og miljøkrav i framtidige anskaffingar som vil ha stor påverknad for CO<sub>2</sub>-utsleppa til fylkeskommunen.

**Beskriv hvorfor dette tiltaket er et utslippsreducerende tiltak kommunen ønsker å arbeide videre med:**  
Me treng å få på plass eit godt kunnskapsgrunnlag og auka kompetansen i organisasjonen, for å lykkast med å stilla treffsikre klima- og miljøkrav i våre anskaffingar.

**Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:**

Økonomisk støtte er ein føresetnad for å gjennomføra denne utgreiinga i det omfang og innanfor den tidsramma som er skissert i søknaden. Utan støtte vil me i mindre grad lykkast med å auka kompetansen i organisasjonen, og i mindre grad vera i stand til å implementera treffsikre klimakrav og følgja opp desse.

## Gjennomføring

**Varighet:** 01.01.2021 - 30.06.2022

**Gjennomføringsplan:**

Ved tildeling er det mål å ferdigstilla utgreiinga innan juni 2022.

Hva skal gjerast: Utgreiing av potensialet for reduksjon av direkte og indirekte klimagassutslepp i ulike fasar og typar vegprosjekt.

Hvem er ansvarlig: Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg. Fylkesdirektøren for infrastruktur og veg har oppretta ei intern klima arbeidsgruppe. Denne gruppa har starta førebuande arbeid, som mellom anna inneber å detaljere prosjektplanen ytterlegare, identifisera område/type vegprosjekt med særleg potensiale for utsleppsreduksjonar, med meir.

Detaljar om gjennomføringsplanen ligg i vedlegg

**Hvordan er tiltaket politisk forankret?**

Tiltaket er politisk forankra gjennom Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (regional planstrategi), vedtatt av fylkestinget 29. september 2020. Eitt av måla i utviklingsplanen er at klima og miljø skal ligge som premis for samfunnsutviklinga. Strategiane som er vedtatt for å oppfylle dette er mellom anna:

- Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030
- Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp

Vidare er det i fylkeskommunen sitt vedtatte budsjett for 2021/økonomiplan for 2021-2024 eit eige kapittel om klima. Utgreiing av lågutslepp fylkesvegbygging er eitt av tiltaka for 2021.

Hvor integrert er klimagassreduksjon i kommunens arbeid i dag? Delvis integrert  
Vil tiltaket bidra til at klimagassreduksjon blir mer integrert i kommunens arbeid? Hvordan?  
Politisk er ein tydelege og offensive når det gjeld reduksjonar av klimagassutslepp. Fylkeskommunen har ei viktig rolle, og den skal me ta! I kollektivsektoren på veg og sjø har me ei stor grad av elektrifisering. Utbygging og drift og vedlikehald av fylkesveg er eit naturleg neste steg. Me er i gang, men må auka vår kompetanse for å treffa på tiltaka me set i verk. Denne utgreiinga vil gi oss verdifull kunnskap som vil verta tatt i bruk mot framtidige utbyggingsprosjekt og drifts- og vedlikehaldskontraktar.

Skal kommunen(e) finansiere og gjennomføre klimatiltaket med betydelig innsats fra næringsliv, innbyggere eller organisasjoner? Nei

## Omstillingseffekt

Hvilke aktører skal være vesentlig involvert i prosjektet?

Kommuneorganisasjonen: Prosjektet involverer én eller flere enheter i kommuneorganisasjonen.

Kommentar til dette?

Det er viktig å trekkja inn marknadsaktørar på leverandør- og entreprenørsida for å få kunnskap og drøfta moglegheiter for utsleppsreduksjonar og aktuelle problemstillingar. Vidare vil me henta inn erfaringar frå andre bygherrar som har sett i verk gode klimatiltak, t.d. Bybanen Utbygging med byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen.

Hvordan kan tiltaket bidra til omstilling til lavutslippssamfunnet?

Tiltaket vil bidra til lågare utslepp av klimagassar frå vegbygging og drift og vedlikehald av fylkesveg. Vegsektoren står for vesentlege klimagassutslepp. Kunnskap og erfaring frå dette arbeidet vil vera overførbar, og dei ulike vegeigarane/bygherrane vil kunna dra nytte av kvarandre sine røynsler.

## Budsjett

Kostnader	Beløp
Kartlegging og samanstilling av utsleppstal (eigeninnsats 42 t à 600kr)	25 000
Innkjøp av konsulenttenester + egeninnsats (42 t à 600 kr)	225 000
Dialog med marknaden + eigeninnsats (42 t à 600 kr)	75 000
Erfaringsinnhenting frå andre bygherrar, studietur + eigeninnsats (82 t à 600 kr)	100 000
Rapport (eigeninnsats 42 t à 600kr)	25 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>450 000</b>

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	450 000
- Egne midler	225 000

- Andre offentlige midler / annen finansiering	0
Omsøkt tilskudd	225 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?

Fylkeskommunen vil kunna gjennomføra utgreiinga i mindre format, men det kan få konsekvensar for kompetansebygging og forankring av kunnskapen i organisasjonen. Om smittevern-regimet som følgje av korona set avgrensingar for fysiske møte (konferanse, studietur, andre møte), vil kostnadane kunna verta mindre ved å køyra alternative, digitale opplegg. Men ein vil mista ein del av dei positive verknadane som følgjer av fysisk relasjonsbygging, læring på staden ved synfaringar og liknande.

Minstesum for gjennomføring av heile tiltaket er estimert til 350 000 kr, der av minstesum for tilskot utgjer 125 000 kr.

**Minstesum for gjennomføring: 350 000**

Eventuelle merknader:

*Ikke utfyllt*

## Utdyping finansiering

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

## Vedlegg

 gjennomføringsplan klimaarbeid fylkesvegane i Vestland.pdf (Gjennomføringsplan)

 Jorunn-Elisabeth Stavø for VESTLAND FYLKESKOMMUNE

---

Levert 15.02.2021